Brønnøysundregistrene

# ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2021 - GENERELL INFORMASJON

**Enheten**

| | |
|---|---|
| Organisasjonsnummer: | 925 604 313 |
| Organisasjonsform: | Aksjeselskap |
| Foretaksnavn: | VEST-TELEMARK KRAFTLAG HOLDING AS |
| Forretningsadresse: | Høydalsmovegen 815<br>3891 HØYDALSMO |

**Regnskapsår**

| | |
|---|---|
| Årsregnskapets periode: | 14.08.2020 - 31.12.2021 |

**Konsern**

| | |
|---|---|
| Morselskap i konsern: | Ja |
| Konsernregnskap lagt ved: | Ja |

**Regnskapsregler**

| | |
|---|---|
| Regler for små foretak benyttet: | Nei |
| Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: | Regnskapslovens alminnelige regler |
| Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til konsernet: | Regnskapslovens alminnelige regler |

**Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ**

| | |
|---|---|
| Bekreftet av representant for selskapet: | Stine Hille |
| Dato for fastsettelse av årsregnskapet: | 03.06.2022 |

**Grunnlag for avgivelse**

År 2021: Årsregnskapet er elektronisk innlevert

År 2020: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2021

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 28.06.2023

# Resultatregnskap

| Beløp i: NOK | Note | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| **RESULTATREGNSKAP** | | | |
| **Inntekter** | | | |
| Annen driftsinntekt | 4 | 17 031 000 | |
| **Sum inntekter** | | **17 031 000** | |
| **Kostnader** | | | |
| Lønnskostnad | 6 | 11 304 000 | |
| Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler | 12 | 344 000 | |
| Annen driftskostnad | 8 | 5 416 000 | |
| **Sum kostnader** | | **17 064 000** | |
| **Driftsresultat** | | **-33 000** | |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Annen renteinntekt | 9 | 524 000 | |
| Annen finansinntekt | 9 | 184 000 | |
| **Sum finansinntekter** | | **708 000** | |
| Annen rentekostnad | 9 | 882 000 | |
| Annen finanskostnad | 9 | 36 000 | |
| **Sum finanskostnader** | | **918 000** | |
| **Netto finans** | | **-210 000** | |
| **Ordinært resultat før skattekostnad** | | **-243 000** | **0** |
| Skattekostnad på ordinært resultat | 10 | -93 000 | |
| **Ordinært resultat etter skattekostnad** | | **-150 000** | **0** |
| **Årsresultat** | | **-150 000** | **0** |
| **Overføringer og disponeringer** | | | |
| Ordinært utbytte | | 33 000 000 | |
| Overføringer til/fra annen egenkapital | | -33 150 000 | |
| **Sum overføringer og disponeringer** | | **-150 000** | |

# Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| **BALANSE - EIENDELER** | | | |
| **Anleggsmidler** | | | |
| **Immaterielle eiendeler** | | | |
| Utsatt skattefordel | 11 | 95 000 | |
| **Sum immaterielle eiendeler** | | **95 000** | |
| **Varige driftsmidler** | | | |
| Maskiner og anlegg | 12 | 986 000 | |
| **Sum varige driftsmidler** | | **986 000** | |
| **Finansielle anleggsmidler** | | | |
| Investering i datterselskap | 15 | 410 194 000 | |
| Investeringer i tilknyttet selskap | 15 | 7 388 000 | |
| **Sum finansielle anleggsmidler** | | **417 582 000** | |
| **Sum anleggsmidler** | | **418 663 000** | **0** |
| **Omløpsmidler** | | | |
| **Varer** | | | |
| **Fordringer** | | | |
| Kundefordringer | 16 | 744 000 | |
| Andre fordringer | 16 | 650 000 | |
| Konsernfordringer | 16 | 8 973 000 | |
| **Sum fordringer** | | **10 367 000** | |
| **Sum omløpsmidler** | | **10 367 000** | **0** |
| **SUM EIENDELER** | | **429 030 000** | **0** |
| **BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **Egenkapital** | | | |
| **Innskutt egenkapital** | | | |
| Selskapskapital | 18 | 100 000 000 | |

# Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| Overkurs | 18 | 299 914 000 | |
| Annen innskutt egenkapital | 18 | -15 520 000 | |
| **Sum innskutt egenkapital** | | **384 394 000** | |
| | | | |
| **Sum egenkapital** | | **384 394 000** | **0** |
| | | | |
| **Gjeld** | | | |
| **Langsiktig gjeld** | | | |
| **Annen langsiktig gjeld** | | | |
| Gjeld til kredittinstitusjoner | 19 | 6 832 000 | |
| **Sum annen langsiktig gjeld** | | **6 832 000** | |
| | | | |
| **Sum langsiktig gjeld** | | **6 832 000** | **0** |
| | | | |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Gjeld til kredittinstitusjoner | 20 | 180 000 | |
| Gjeld til kredittinstitusjoner | 20 | 8 000 | |
| Leverandørgjeld | 20 | 1 546 000 | |
| Skyldige offentlige avgifter | 20 | 265 000 | |
| Utbytte | 20 | 33 000 000 | |
| Annen kortsiktig gjeld | 20 | 1 226 000 | |
| Annen kortsiktig gjeld | 20 | 668 000 | |
| Annen kortsiktig gjeld | 20 | 911 000 | |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **37 804 000** | |
| | | | |
| **Sum gjeld** | | **44 636 000** | **0** |
| | | | |
| **SUM EGENKAPITAL OG GJELD** | | **429 030 000** | **0** |

# Konsernets resultatregnskap

| Beløp i: NOK | Note | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| **RESULTATREGNSKAP** | | | |
| **Inntekter** | | | |
| Salgsinntekt | 1,2,3 | 356 989 000 | 172 348 000 |
| Annen driftsinntekt | 1,4 | 21 213 000 | 18 567 000 |
| **Sum inntekter** | | **378 202 000** | **190 915 000** |
| **Kostnader** | | | |
| Varekostnad | 5 | 88 413 000 | 41 315 000 |
| Lønnskostnad | 6 | 48 092 000 | 43 158 000 |
| Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler | 12 | 30 579 000 | 27 285 000 |
| Annen driftskostnad | 8 | 57 044 000 | 51 199 000 |
| **Sum kostnader** | | **224 128 000** | **162 957 000** |
| **Driftsresultat** | | **154 074 000** | **27 958 000** |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Annen renteinntekt | 9 | 395 000 | 268 000 |
| Annen finansinntekt | 9 | 709 000 | 954 000 |
| **Sum finansinntekter** | | **1 104 000** | **1 222 000** |
| Annen rentekostnad | 9 | 5 301 000 | 7 285 000 |
| Annen finanskostnad | 9 | 57 000 | 221 000 |
| **Sum finanskostnader** | | **5 358 000** | **7 506 000** |
| **Netto finans** | | **-4 254 000** | **-6 284 000** |
| **Ordinært resultat før skattekostnad** | | **149 820 000** | **21 674 000** |
| Skattekostnad på ordinært resultat | 10 | 78 346 000 | 5 475 000 |
| **Ordinært resultat etter skattekostnad** | | **71 474 000** | **16 199 000** |
| **Årsresultat** | | **71 474 000** | **16 199 000** |
| **Overføringer og disponeringer** | | | |
| Ordinært utbytte | | 33 000 000 | 17 500 000 |
| Overføringer til/fra annen egenkapital | | 38 475 000 | -1 301 000 |
| **Sum overføringer og disponeringer** | | **71 475 000** | **16 199 000** |

# Konsernets resultatregnskap

| Beløp i: NOK | Note | 2021 | 2020 |
| --- | --- | --- | --- |

# Konsernets balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| **BALANSE - EIENDELER** | | | |
| **Anleggsmidler** | | | |
| **Immaterielle eiendeler** | | | |
| Konsesjoner, patenter, lisenser, varemerker og lignende rettigheter | 11 | 3 640 000 | 3 350 000 |
| **Sum immaterielle eiendeler** | | **3 640 000** | **3 350 000** |
| **Varige driftsmidler** | | | |
| Tomter, bygninger og annen fast eiendom | | 140 014 000 | 144 734 000 |
| Maskiner og anlegg | | 641 051 000 | 597 106 000 |
| **Sum varige driftsmidler** | | **781 065 000** | **741 840 000** |
| **Finansielle anleggsmidler** | | | |
| Investering i annet foretak i samme konsern | 15 | 0 | 179 000 |
| Lån til foretak i samme konsern | 15 | 13 000 | 51 000 |
| Investeringer i tilknyttet selskap | 15 | 7 914 000 | 7 924 000 |
| Investeringer i aksjer og andeler | 15 | 10 289 000 | 10 279 000 |
| **Sum finansielle anleggsmidler** | | **18 216 000** | **18 433 000** |
| **Sum anleggsmidler** | | **802 921 000** | **763 623 000** |
| **Omløpsmidler** | | | |
| **Varer** | | | |
| Varer | | 21 027 000 | 9 227 000 |
| **Sum varer** | | **21 027 000** | **9 227 000** |
| **Fordringer** | | | |
| Kundefordringer | 16 | 102 629 000 | 87 140 000 |
| Andre fordringer | 16 | 61 493 000 | 10 763 000 |
| **Sum fordringer** | | **164 122 000** | **97 903 000** |
| **Bankinnskudd, kontanter og lignende** | | | |
| Bankinnskudd, kontanter og lignende | 17 | 1 290 000 | 1 879 000 |
| **Sum bankinnskudd, kontanter og lignende** | | **1 290 000** | **1 879 000** |
| **Sum omløpsmidler** | | **186 439 000** | **109 009 000** |

# Konsernets balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| **SUM EIENDELER** | | **989 360 000** | **872 632 000** |
| | | | |
| **BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| | | | |
| **Egenkapital** | | | |
| **Innskutt egenkapital** | | | |
| Selskapskapital | 18 | 100 000 000 | 100 000 000 |
| Overkurs | 18 | 299 914 000 | 299 914 000 |
| Annen innskutt egenkapital | 18 | 36 672 000 | -1 606 000 |
| **Sum innskutt egenkapital** | | **436 586 000** | **398 308 000** |
| | | | |
| **Sum egenkapital** | | **436 586 000** | **398 308 000** |
| | | | |
| **Gjeld** | | | |
| **Langsiktig gjeld** | | | |
| Utsatt skatt | 10 | 23 754 000 | 14 162 000 |
| **Sum avsetninger for forpliktelser** | | **23 754 000** | **14 162 000** |
| **Annen langsiktig gjeld** | | | |
| Obligasjonslån | 19 | 901 000 | 901 000 |
| Gjeld til kredittinstitusjoner | 19 | 6 832 000 | 66 805 000 |
| Øvrig langsiktig gjeld | 19 | 300 000 000 | 300 000 000 |
| **Sum annen langsiktig gjeld** | | **307 733 000** | **367 706 000** |
| | | | |
| **Sum langsiktig gjeld** | | **331 487 000** | **381 868 000** |
| | | | |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Gjeld til kredittinstitusjoner | 19 | 1 988 000 | 0 |
| Leverandørgjeld | 20 | 58 267 000 | 13 506 000 |
| Betalbar skatt | 20 | 68 749 000 | 3 513 000 |
| Skyldige offentlige avgifter | 20 | 17 128 000 | 19 695 000 |
| Utbytte | 20 | 33 000 000 | 17 500 000 |
| Annen kortsiktig gjeld | 20 | 42 155 000 | 38 241 000 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **221 287 000** | **92 455 000** |
| | | | |
| **Sum gjeld** | | **552 774 000** | **474 323 000** |

## Konsernets balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| **SUM EGENKAPITAL OG GJELD** | | **989 360 000** | **872 631 000** |

# Revisorteam Vest Telemark AS

Tilsluttet Revisorteam AS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Til generalforsamlinga i Vest-Telemark Kraftlag Holding AS

*Konklusjon*

Vi har revidert Vest-Telemark Kraftlag Holding AS sin årsrekneskap som er samansett av:

- Selskapsrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling, for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og noter til årsrekneskapen, og eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp og
- Konsernrekneskapen som er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling, for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og noter til årsrekneskapen, og eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav
- gjev selskapsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021 og av resultat for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg og
- gjev konsernrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021 og av resultat for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

*Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenelege som grunnlag for vår konklusjon.

*Ytterlegare informasjon*

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapet ovanfor dekker ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjon av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen av årsrekneskapet, eller om informasjonen i årsmeldinga står fram som vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga står fram som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Statsautorisert Revisjonsselskap
Autorisert Rekneskapsførarselskap
Adresse Vinje
Åmotvegen 8, 3890 Vinje
Adresse Seljord:
Brøløsvegen 47, 3840 Seljord

Org.nr.: 968 407 880
Tlf. kontor: 35 06 27 00
Avd. kontor Seljord:
Tlf.: 35 06 27 10

Statsautorisert revisor Siv Aarmodt siv@revisorteam.no
Statsautorisert revisor Inger Noraberg inger.n@revisorteam.no
Statsautorisert revisor Tor Einar Skarprud toreinar@revisorteam.no
Statsautorisert revisor Aud Eva Vaa Sollid audeva@revisorteam.no
Statsautorisert revisor Kristine Midtbø Mo kristine@revisorteam.no

**Revisorteam Vest Telemark AS**
Tilsluttet Revisorteam AS

Basert på den kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som ein skal gje etter gjeldande lovkrav.

*Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen*

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til fortsatt drift og opplyse om tilhøve av betyding for fortsatt drift. Føresetnaden om fortsatt drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

*Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen*

Vårt mål er å oppnå den tryggleik vi treng for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gje ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Den tryggleik vi treng er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjersle som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare omtale av oppgåvene og pliktene til revisor blir det vist til https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger

Seljord, 3. juni 2022

Revisorteam Vest Telemark AS

Siv Aarmodt

Siv Aarmodt
Statsautorisert revisor

Statsautorisert Revisjonsselskap
Autorisert Rekneskapsførarselskap
Adresse Vinje
Åmotvegen 8, 3890 Vinje
Adresse Seljord:
Brøløsvegen 47, 3840 Seljord

Org.nr.: 968 407 880
Tlf. kontor: 35 06 27 00

Avd. kontor Seljord:
Tlf.: 35 06 27 10

Statsautorisert revisor Siv Aarmodt siv@revisorteam.no
Statsautorisert revisor Inger Noraberg inger.n@revisorteam.no
Statsautorisert revisor Tor Einar Skarprud toreinar@revisorteam.no
Statsautorisert revisor Aud Eva Vaa Sollid audeva@revisorteam.no
Statsautorisert revisor Kristine Midtbø Mo kristine@revisorteam.no

VEST-TELEMARK KRAFTLAG HOLDING

# Årsmelding

## for året 2021

## 81. driftsår



1

# *VEST-TELEMARK KRAFTLAG HOLDING*

## HISTORISK OVERSYN

Vest Telemark Kraftlag blei stifta 13. september 1940 av kommunane Lårdal, Mo, Vinje, Kviteseid og Seljord; - som eit selskap der deltakarane hadde avgrensa økonomisk ansvar (BA). I 1948 blei Fyresdal kommune medeigar og i 1981 blei det vesle Kilen Kraftlag i Kviteseid overteke. Så i 2000 blei Nissedal Kommunale Elverk (NKE) fusjonert inn og Nissedal kommune gjekk då inn på eigarsida i VTK i høve til dei verdiane som låg i verksemda. NKE var stifta i 1921.
VTK stifta i 1948 Skafså Kraftverk AS saman med Hydro og i 1960 Sundsbarm Kraftverk DA saman med Skiensfjordens kommunale kraftselskap (SKK).

Som fylgje av lovendring (lov om interkommunale selskap §41) blei VTK (BA) omorganisert til aksjeselskap (VTK AS) med verknad frå 01.01.2002. Omorganiseringa skjedde ved namneendring og nye vedtekter. Aksjekapitalen på 100 mill.kr blei fordelt i same høve som andelskapitalen i BA-et. Eigarane har inngått avtale som regulerar aksjeomsetning og styrevalg m.m. Vedtaket om omorganisering blei gjort i representantskapet 10.01.2002 og var samrøystes. Ei ny lovendring medførte at VTK blei omdanna til konsern med mor (VTK HOLDING) og 2 døtrar (VTK NETT og VTK KRAFT) med rekneskapsmessig verknad frå 01.01.2021. Dette er difor fyrste Årsmelding for det nye VTK-KONSERNET.

## EIGARSKAP OG FØREMÅL

VTK HOLDING AS er eigd av Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje kommunar. Nissedal eig 5 %, dei andre 19 % kvar. Aksjekapitalen er på 100 mill.kr.
Føremålet med VTK-konsernet er å bygge og drive anlegg for kraftproduksjon, kraftoverføring og breiband, - og drive med kraftsalg og levere administrative og kunderetta tenester.
Alle 3 selskapa i konsernet har forretningskontor i Høydalsmo i Tokke kommune.
VTK NETT har eit avdelingskontor i Treungen, Nissedal kommune.

## OVERSIKT OVER SELSKAPSSTRUKTUREN




2

# STYRETS ÅRSMELDING 2021

## *GENERELT OM ÅRET 2021*

### *Samandrag*
*Året 2021 var relativt tørt og med normal temperatur. Ref. Åmdal var nedbøren 19% under normalen. Temperaturen var 4,0 grader.*
*Kraftproduksjonen var på middelverdi volum, men historisk høg spotpris gav «all time high» i inntening. Driftsresultat på 157 mill.kr.*
*Sluttbrukersal fekk eit driftsresultat -7 mill.kr pga etterslep i produktpris.*
*Fiberutbygginga gjekk vidare med full tyngde og mange nye områder fekk fibertilgang. Brutto investering på 28 mill.kr. Driftsresultat på 4 mill.kr.*
*Nettverksemda (VTK NETT AS) hadde eit tøft år med store værutfordringar som gav omfattande feil i nettet og tlhøyrande redusert inntekt og auka kostnader. Driftsresultat på null. Mange km med gamle luftlinjer blei ombygd til jordkabel eller isolert luftkabel.*
*Resultatet på 150 mill.kr før skatt er det beste nokon gong. Etter skatt 71 mill.kr og 33 mill.kr i utbytte.*

### *Den vidare omtala går på selskapsnivå:*

## *Vest-Telemark Kraftlag AS*

*VTK AS har **kraftproduksjon, kraftomsetning, fiber** som sine forretningsområder. Selskapet har 3 tilsette (2,2 årsverk) og kjøper i tillegg tenester frå morselskapet, frå nettselskapet (bygging og drift av fiber) og eksternt. Skafså Kraftverk ANS og og Sundsbarm Kraftverk DA har eigne driftsorganisasjonar.*
*Selskapet hadde ei omsetning på 275 mill.kr og eit driftsresultat på 154 mill.kr. Resultat før skatt blei 152 mill.kr og **74 mill.kr etter skatt**. For detaljer sjå omtala under kvart verksemdsområde.*

### *Kraftproduksjon*
*VTK AS har produksjon i desse kraftverka:*

| *Namn* | *Kommune* | *År* | *Middelproduksjon* | *Eigardel* |
|---|---|---|---|---|
| *Åmdal (Skafså)* | *Tokke* | *1953* | *160 GWh* | *67 %* |
| *Osen (Skafså)* | *Kviteseid* | *1954* | *80 GWh* | *67 %* |
| *Gausbu (Skafså)* | *Tokke* | *1996* | *40 GWh* | *67 %* |
| *Skree (Skafså)* | *Fyresdal* | *1995* | *40 GWh* | *67 %* |
| *Sundsbarm* | *Seljord* | *1971* | *400 GWh* | *8,5 %* |
| *Trontveit* | *Nissedal* | *2019* | *4 GWh* | *100 %* |
| *Naurak* | *Nissedal* | *2000* | *1 GWh* | *100 %* |

*Normalproduksjonen er 260 GWh på VTK si hand. Etter eit svært vått år i 2020, fekk vi eit tørt år i 2021. Nedbøren ref Skafså gjekk ned frå 139% av normalen til 81%. Produksjonsvolumet gjekk likevel berre ned 7% som fylgje av redusert vasstap og magasinreduksjon gjennom året. VTK sin andel av produksjon blei 268,5 GWh (287,7 i 2020) eller omlag 103% av normalen.*







*Etter eit år med 10 øre/kWh i snitt i 2020, fekk vi ein kraftig prisoppgang i Sør-Norge til ca 50 øre/kWh straks på nyåret 2021, ein pris som etter sommaren steig vidare for å ende på over 2 kr/kWh i desember og 77 øre/kWh i snitt; - nesten det dobbelte av tidlegare prisrekord. Årsaken var samansett, men kraftig auke i kabelkapasiteten til kontinentet og til Storbritania medførte varig prisutjamning mot utlandets høgare prisnivå. Sør-Norge importerer kontinentets prisnivå gjennom mellomlandskablane. Dette fall saman med med ei mangedobling av prisen på innsatsfaktorane (CO2-kvoter, kol og gass) for fossil kraftproduksjon, med det resultat at spotprisen i Sør-Norge blei 20-dobla på 12 månader. Mindre vind enn normalt og mindre nedbør i Norge forsterka utviklinga, men var ikkje avgjerande for situasjonen som oppstod. Den mangeårige prosessen med nedlegging av atom- og kolkraftverk i Tyskland (die Energiewende) og i ein del andre land (Sverige m.fl.) fekk full effekt i 2021 og har ført til stor mangel på stabil og regulerbar produksjon, noko som har forsterka den negative utviklinga monaleg.*




*Figuren over viser utviklinga for Sør-Norge og Tyskland, samt for Systemprisen. Den siste er vekta snitt av alle prisområda som er inne i Nordpools kraftmarked. I eit kraftsystem heilt utan nettbegrensingar (flaskehalsar) i alle driftssituasjonar ville alle hatt tilnærma denne prisen. Etter nyttår i 2022 låg prisen i NO2 mellom 150 og 100 øre/kWh for så å auke til ca 180 øre/kWh i mars. Mellom anna som fylgje av lågt snømagasin og Russlands angrep på Ukraina. Fyrste 5 månader i 2022 har hatt 160 øre/kWh i snittpris.*

*All kraft utover konsesjonskraftlevering blei seld i spot. Dette gav fylgjande økonomisk resultat:*

| | | |
|---|---|---|
| *Kraftsalg inkl opprinnelsesgarantiar og elsertifikat* | *188,1 mill.kr* | *(70,2 øre/kWh)* |
| *Andre inntekter* | *3,6 mill.kr* | |
| *Driftskostnader* | *30,5 mill.kr* | |
| *EBITDA* | *161,2 mill.kr* | *(60,0 øre/kWh)* |
| *Avskrivingar* | *4,2 mill.kr* | |
| *Driftsresultat (EBIT)* | *157,0 mill.kr* | *(58,5 øre/kWh)* |

*VTK sin eigardel i Grunnåi Kraftverk AS på 18,4% er ikkje med i tala over, då dette selskapet rekneskapsmessig og skattemessig står på eigne bein. Selskapet fekk i 2021 eit driftsresultat på 30 mill.kr og eit resultat etter skatt på 11 mill.kr. Selskapet har til no (sidan 2006) ikkje betalt utbytte, men nedbetalt på gjeld og bygd ut kraftverket. Bokført eigenkapital er 51 mill.kr.*

## *Kraftomsetning*

*Denne aktiviteten dekker kjøp og salg av kraft frå ymse småkraftprodusentar, levering av tapsenergi og leveringspliktvolum til VTK NETT, balanseavrekning og kraftsalg til sluttbrukarar. Salg til sluttbrukar blei skild ut i eigen database frå 1.mai 2021. Vi kjøper denne tenesten frå Kraftalliansen. Det er innført fellesfakturering med VTK NETT. Talet på kundar er ved årsskiftet ca 11600 ein nedgang på vel 2% i høve til året før. Målet er å auke talet på kundar gjennom aktivt sal både i og utanfor Vest-Telemark og det er tilsett ein person for å styrke kundesenteret og salgsarbeidet.*

*Marknadsandelen er 78% både målt i volum og antal kundar. Ein liten nedgang også dette året, men sett på bakgrunn av det pågåande telefonsalet, som mange av våre konkurrentar driv med, så er kundelojaliteten imponerande høg. Dei kundane VTK ikkje har, er stort sett landsdekkande selskap som har sentrale avtaler med ein leverandør og utanbygds hyttekundar, men aggressiv marknadsføring påverkar også andre til å skifte leverandør. Målet for VTK sitt sluttbrukarsal er å gje kundane enkle produkt til låg pris. Påslaget i 2021 var 3 øre/kWh + mva. Resultatmålet er inntekter på linje med kostnadene, dvs driftsresultat tilnærma null. Rekneskapet for denne aktiviteten viser desse tala:*

| | |
|---|---|
| *Salgsinntekter* | *162,4 mill.kr* |
| *Kraftkjøp (eksternt og internt)* | *163,5 mill.kr* |
| *Driftskostnader* | *5,8 mill.kr* |
| *Driftsresultat (EBIT)* | *- 6,9 mill.kr* |

*Årsaken til underskotet var den ekstreme auken i spotpris (innkjøpspris) i desember, som pga varslingsreglar ikkje var mogeleg å hente inn att mot kundar på «standard variabel»-kontrakt før i 2022. Dette gav oss ei mindreinntekt på om lag 8 mill.kr i 2021 og er årsaken til at driftsresultatet blei negativt.*






*Frå 2018 har Tokke kommune vore aleine om å ha inne eit element av tilbakeføring av konsesjonskraftverdiar til innbyggarane. I 2021 var spotprisen over pristaket på 37 øre/kWh heile året og kundar på Tokkepris betalte difor 40 øre/kWh + mva.*
*I snitt betalte våre øvrige kundar 77 øre/kWh + mva, dvs om lag som spotpris.*

### *Fiber*
*VTK si rolle er å eige, bygge og drive fiber stamnett og aksessnett samt nødvendige nodebuer. Også i 2021 var det svært stor aktivitet med brutto investering på 29 mill.kr (31) og 21 mill.kr etter frådrag for tilskot (25). Dei største enkeltprosjekta med offentleg støtte var i Fyresdal, Seljord og Kviteseid, men det var elles stor aktivitet i alle eigarkommunane.*

*VTK fekk i 2021 inntekter på 16,1 mill.kr (13,4) frå utleige av fiberkablar m.m. til Telefiber. Dette gav eit driftsresultat på 4,2 mill.kr (3,5). Totalt er det investert 215 mill.kr siste 15 år. Av dette er 48 mill.kr finansiert av diverse anleggstilskot og altså 167 mill.kr finansiert av VTK. Bokført verdi av VTK sitt fibernett er 128 mill.kr og totalavkastninga blei 3,3 % før skatt, om lag som året før.*

| | |
|---|---|
| *Driftsinntekter* | *16,2 mill.kr* |
| *Driftskostnader* | *2,4 mill.kr* |
| *EBITDA* | *13,8 mill.kr* |
| *Avskrivingar* | *9,6 mill.kr* |
| *Driftsresultat (EBIT)* | *4,2 mill.kr* |

*VTK eig 40 % av Telefiber AS. Selskapet blei stifta 28.08.2006 og held til i VTK-bygget med 6 tilsette. Selskapet driv med sal av breibandtenester og då primært produkt frå ALTIBOX, men dei siste åra har også aktiviteten vore stor innom prosjektering og bygging av fiberanlegg for eigarselskapa. Telefiber leverar breibandtenester i Vest-Telemark + Hjartdal. Selskapet har passert 6300 kundar, av desse er 4200 i VTK sitt område. Selskapet hadde i 2021 ei omsetning på 60 mill.kr og betalte 24 mill.kr i fiberleige til eigarselskapa.*
*Telefiber eig 41% av selskapet NC-Spectrum som held til i næringshagen i Kviteseid. NC-Spectrum er i sterk vekst og er motoren i næringshagen i Kviteseid. Førebels har dette selskapet ikkje betalt utbytte, men har prioritert vekst og eigenkapitaloppbygging.*

## *Vest-Telemark Kraftlag NETT AS*

*VTK NETT AS har **nettverksemd** (regionalnett og distribusjonsnett), **sal av kraft på leveringsplikt** og **arbeid for andre** som sine aktivitetsområder. Selskapet har 42 tilsette og kjøper i tillegg tenester frå morselskapet, frå VTK AS og eksternt. Selskapet fekk i 2021 eit driftsresultat på 0,2 mill.kr og eit **resultat før skatt – 2,0 mill.kr**. For detaljer sjå omtala under kvart område. VTK NETT sitt konsesjonsområde dekker eigarkommunane med unntak av Fjågesund **i** Kviteseid, Felle i Nissedal og Rauland i Vinje. Området utgjer omlag 40 % av Telemark fylkes areal.*

### *Nettverksemda*
*Året 2021 var, som i 2020, prega av store (re)investeringar i nettet og store utfordringar på leveringskvaliteten som fylgje av unormale værhendingar; - snø og is i januar og ein kraftig storm 19.november.*

***(Re)investeringar***
*Investeringane i nettanlegg var på 64,4 mill.kr (69,7). Av dette var 56% (60) reinvesteringar, dvs ombyggingar og fornyingar av gamle anlegg utan at nettets utsrekning endrar seg. Det blei henta inn 15,5 mill.kr (15,6) i anleggstilskot, slik at netto investering i nettet er ca 49 mill.kr, ein reduksjon på 5 mill.kr i høve til 2020. Lista under viser dei største prosjekta i 2021:*

- *Regionalnett, ny Kjela trafostasjon (ferdigstilling), Vinje*
- *22 kV, fornying Tveitestrondi, Vinje*
- *22 kV, fornying Froland, Tokke*
- *22 kv, fornying Gausbu-Borsæ, Tokke*
- *22 kV, forsterking, Molandsmoen, Fyresdal*
- *22 kV, ombygging Rv36 Seljordstrondi (pga veganlegg)*
- *22 kV, fornying Hauggrend-Hegglandsgrend, Fyresdal*
- *22 kV, fornying Treungen-Nissedal, Nissedal*
- *22 kV, ombygging Brunkeberg, Kviteseid*

*I hovudsak er tiltaka å erstatte gamalt luftanlegg med jordkabel, med unntak av til Froland der det blei hengt opp isolert luftkabel.*







*<u>Talet på nettkundar</u> var 15114 ved utgangen av året, som er ein auka på 243 (1,6%). Nye hyttekundar stod for 75% av veksten. Begge tala var vesentleg høgare enn i 2020.*

*Forbruket hjå nettkundane var 268,5 GWh (249,5), som er ein auke på 7,6% og på nivå med rekordåret 2010. Auken skuldast mellom anna kaldare vær, færre Koronarestriksjonar, fleire kundar og nytt datasenter i Fyresdal. Ser ikkje ut som den kraftige prisveksten har påverka volumet i særleg grad.*







7

*VTK NETT har også 40 kraftverkskundar og 39 plusskundar tilkopla nettet. Plusskundane har ca 440 kW installert og leverte i 2021 11000 kWh inn på nettet.*

*Driftsreguleriteten var lågare enn normalt også i 2021. Ikkje levert energi (ILE) var på 223,3 MWh (173,9). Dette er over dobbelt så mykje som normalt og det dårlegaste sidan 2013. Vi hadde ein regularitet på 99,92%, noko som tilsvarer 7 timar straumlaust i gjennomsnitt. Årsaken var store skader i nettet i januar pga snø og is, men det var stormen fredag 19.november som kosta oss mest. Då var mellom anna Åmot og Dalen ute i fleire timar. KILE-kostnaden blei 17,7 mill.kr (15,4). Desse to hendingane var hendingar som det ikkje er mogeleg å gardere seg mot innom samfunnsøkonomiske rasjonelle rammer. Dei områda med mest utfall er kartlagt og tiltak er sett i verk for å betre situasjonen. Primært ved fornying av luftlinjer til isolert hengekabel eller ombygging til jordkabel.*







*Nettleiga i 2021 var 15% lågare enn i 2020, totalt 18 mill.kr. Nedgangen var ein kombinasjon av statstilskot på 6,2 mill.kr og mål om tilbakebetaling av meirinntekt. Høge KILE-kostnader, som reduserte tillatt inntekt med 17,7 mill.kr og høgt forbruk som auka inntektene, medførte at meirinntekta likevel auka med 3,1 mill.kr. til ca 11 mill.kr. Dette vil bli tilbakeført kundane i 2022. Jfr note 3.*







*Driftsresultatet for nettdrifta blei tilnærma null, noko som er 13 mill.kr lågare enn i 2020 og om lag 20 mill.kr under målsettinga, som er 4% av bokført verdi på nettanlegg. Årsaken er summen*

*av redusert (tillatt) inntekt pga vesentleg høgare KILE-kostnader enn normalt (12 mill.kr) og høgare kostnader til kjøp av auka linetap (3 mill.kr), ekstraordinære pensjonskostnader (2 mill.kr) og store ekstra kostnader i sambund med feil i januar og november til løn, overtid, innleigd mannskap, helikopter og materiell. I sum forklarer dette avviket frå målsetjinga.*

| | |
|---|---|
| *Nettleige (tillatt inntekt)* | *126,9 mill.kr* |
| *Andre inntekter* | *0,5 mill.kr* |
| *Overføringskostnader og nettap* | *40,0 mill.kr* |
| *Driftskostnader* | *70,9 mill.kr* |
| *EBITDA* | *16,5 mill.kr* |
| *Avskrivingar* | *16,4 mill.kr* |
| *Driftsresultat (EBIT)* | *0,1 mill.kr* |

### *Sal av kraft på leveringsplikt*

*Kundar som ikkje syter for å skaffe seg ein kraftleverandør havnar automatisk som kraftkunde i nettselskapet. Volumet er om lag 7 GWh (2,6%) og prisen er Spot + 3 øre/kWh + mva. Påslaget dekker kostnadene og driftsresultatet er null.*

| | |
|---|---|
| *Kraftsalg* | *5,7 mill.kr* |
| *Kraftkjøp* | *5,4 mill.kr* |
| *Driftskostnader* | *0,3 mill.kr* |
| *Driftsresultat (EBIT)* | *0,0 mill.kr* |

### *Arbeid for andre m.m.*

*VTK NETT er bemanna i høve til dei krav ein god beredskap krev. I periodar gjev dette overskotskapasitet som blir leigd ut til VTK sin fiberaktivitet og til andre. Inntekter frå fellesføring og utleige av byggestraumskasser blir også ført på dette aktivitetsområdet.*

| | |
|---|---|
| *Arbeid for andre* | *4,3 mill.kr* |
| *Andre inntekter* | *0,9 mill.kr* |
| *Driftskostnader* | *5,2 mill.kr* |
| *Driftsresultat (EBIT)* | *0,0 mill.kr* |

## *Vest-Telemark Kraftlag Holding AS*

*VTK Holding fylgjer opp konsernets strategiar og krav få eigarane, samt forvaltar eigarskapen til dotterselskap og tilknytta selskap. Selskapet driftar administrasjonsbygget i Høydalsmo og leiger ut dette, samt leverer økonomi-, IKT- og kontortenester til fleire selskap. Levering av kundesentertenester til VTK og VTK NETT er også ein stor aktivitet. I VTK-bygget leiger Vest-Telemark Brannvesen IKS og Telefiber AS kontorplass i tillegg til VTK sine 3 selskap. I tillegg har selskapet to utleigebustader og to personalhytter som også blir fylgd opp i dette selskapet. Selskapet har 11 tilsette*
*VTK har eigen Pensjonskasse. Den blir administrert av VTK Holding og har VTK, Skafså Kraftverk og Telefiber som medlemsbedrifter. Kassa har ca 70 medlemer og 50 pensjonistar. Samla fondskapital er på 180 mill.kr.*
.

| | |
|---|---|
| *Driftsinntekter* | *17,0 mill.kr* |
| *Driftskostnader* | *17,0 mill.kr* |
| *Driftsresultat* | *0,0 mill.kr* |
| *Resultat før skatt* | *-0,2 mill.kr* |

# *ØKONOMISK RESULTAT OG FINANSIELLE FORHOLD*

***Generelt***

*Resultatet er det beste nokon gong; - som fylgje av svært god inntening i kraftproduksjonen. Dette skuldast svært høge spotprisar og 100% sal i spotmarknaden med unntak av konsesjonskraftleveringa. Fiberaktiviteten har eit overskot på 4 mill.kr. Kraftsal til sluttbrukarar gjekk på underskot pga ekstrem auke i innkjøpspris i desember som ikkje lot seg hente inn i 2021. Nettaktiviteten hadde for fyrste gong eit lite negativt resultat før skatt. Hovudårsaken er ekstraordinære KILEkostnader og tilhøyrande reparasjonskostnader.*
*EBITDA auka frå 55 til 175 mill.kr og utgjorde 46% av omsetninga på 378 mill.kr.*
*Driftsresultatet (EBIT) auka frå 28 til 154 mill.kr.*

***Resultatrekneskapen***

***Driftsinntektene** totalt er på 378 mill.kr, som er ein auke på 187 mill.kr (98%). Sjå note 2,3 og 4.*

***Kraftkjøp, overføringskostnader m.m.** er på 88 mill.kr, som er ein auke på 47 mill.kr (114%). Årsaken er primært høgare kraftkjøpskostnader (Tokke kommune og diverse småkraftverk) pga utviklinga på spotprisen. Sjå note 5.*

*Postane over gjev eit **dekningsbidrag** (avanse) på 290 mill.kr, som er ein auke på 140 mill.kr.*

***Personalkostnader.** Totale personalkostnader aukar med 3,7 mill.kr (6,3%), men heile 2,8 mill.kr (4,8%) av dette skuldast auke i pensjons- og AFP-kostnader. Andelen av personalkostnader som blei aktivert blei redusert frå 26% til 23%. Dette som ein konsekvens av mykje ressursbruk til feilretting og reparasjon. Dette førte til at personalkostnader **til drift** auka 4,9 mill.kr (11,4%). Jfr note 6.*

***Avskrivingane** går opp med 3,3 mill.kr (12%) til 30,6 mill.kr som fylgje av årets mange og store investeringar. Jfr note 12 og **finansielle forhold** (neste side).*

***Andre driftskostnader** aukar med 5,5 mill.kr (13%). Mykje av dette skuldast auka materiellforbruk og innleigd hjelp i samband med feilretting.. Jfr note 8.*

***Driftsresultatet** blir med dette **154 mill.kr,** som er ein forbetring på 126,1 mill.kr.*







***Netto finanskostnader** er redusert med 2 mill.kr (32%) som fylgje av god likviditet (redusert bruk av kassekreditt). Jfr note 9.*

10

***Resultat før skatt*** *blir då ca* ***150mill.kr*** *som er 128 mill.kr (591%) betre enn i 2020. Som fylgje av av mellombels og permanente skilnader på 44 mill.kr er årets skattemessig resultat 106 mill.kr. Mesteparten av skilnadene skuldast at reinvesteringar i VTK NETT er aktivert i rekneskapet, men utgiftsført i skatterekneskapet.*

***Skattekostnaden*** *er* ***78 mill.kr****, herav 45 mill.kr i grunnrenteskatt. Som fylgje av 44 mill.kr i mellombels og permanente skilnader blir den betalbar skatten redusert til om lag 69 mill.kr. I tillegg er det betalt 8 mill.kr i eigedomskatt, men den blir ført som driftskostnad. Av den totale skattekostnaden på 86 mill.kr går snaue 11 mill.kr til kommunane, resten til Staten.*
*Sjå note 10.*

***Årsresultatet*** *blir med dette* ***71,5*** *mill.kr, som er + 55,3 mill.kr i høve til 2020.*

## Finansielle forhold

### Investeringar

*Det er i året investert for 94,6 mill.kr (106,8). Av dette er 23,2 mill.kr (21,8) finansiert av kundar og andre (15,4 frå nettkundar og 7,8 frå fiberkundar/kommunar). Netto investeringar i året blir då* ***71,4 mill.kr*** *(85,0), altså ein reduksjon på 13,6 mill.kr.*
*Desse fordelar seg slik på dei ulike områda:*

- *Kraftverk 0,1 mill.kr*
- *Regionalnett 2,9 mill.kr Kjela trafostasjon m.m.*
- *Distr.nett 44,1 mill.kr Høgspent, Nettstasjonar, Lågspent* ***(Herav 33,6 mill.kr reinvestering)***
- *Diverse 3,3 mill.kr Arbeidsbilar, tilhengarar, program driftssentral m.m.*
- *Fiber 21,0 mill.kr Fyresdal, Seljord, Kviteseid og elles mange mindre prosjekt.*

*Bare investeringar som er teke i bruk (spenningssett) er aktivert, resten er ført som anlegg under bygging. Netto aktivert er* ***60,3 mill.kr****. Jfr note 12.*

***Totalkapitalen*** *aukar med 115 mill.kr (13%) til 987 mill.kr. Årsaken er netto tilgang på anleggsmidlar (39 mill.kr) og auke i omløpsmidlar (76 mill.kr). Den siste skuldast auke i kortsiktig krav som fylgje av svært høge rekningar. Jfr note 12..*

***Langsiktig gjeld*** *blir redusert med 60 mill.kr til 307 mill.kr etter kraftig gjeldsvekst i 2020 pga svært svak inntening. Av dette er gjeld til eigarane på 150 mill.kr. Sjå note 19.*

***Netto gjeld*** *(all gjeld minus omløpsmidlar) er ved årsskiftet 366 mill.kr, som er identisk med året før.*

***Eigenkapitalen*** *er ved utgangen av året 436,6 mill.kr, ein auke på 38,3 mill.kr.. Dette utgjer 44,2% av totalkapitalen, som er ein liten reduksjon.*

### Avkastning

| | | |
|---|---|---|
| *På totalkapitalen før skatt:* | ***16,6 %*** | *(3,5)* |
| *På eigenkapitalen før skatt:* | ***36,0 %*** | *(5,6)* |
| *På eigenkapitalen etter skatt:* | ***17,1 %*** | *(4,2)* |







## *DISPONERING AV ÅRSRESULTATET*

*Frå 2019 er styringssignalet frå eigarane at 50% av resultatet over tid skal betalast som utbytte. Tabellen under viser situasjonen akkumulert. Med eit utbytte på 33 mill.kr for 2021 så er strategien 100% oppfylt, dvs 50% i snitt siste 3 år.*

| **VTK KONSERN** | 2019 | 2020 | 2021 | SUM |
|---|---|---|---|---|
| RESULTAT | 48440 | 16199 | 71482 | 136121 |
| UTBYTTE | 17500 | 17500 | **33000** | 68000 |
| Andel | 36,1 % | 108,0 % | 46,2 % | 50,0 % |

| | | |
|---|---|---|
| *Overføring til fri eigenkapital* | *38,3 mill.kr* | *(- 1,3)* |
| *Utbytte* | *33,0 mill.kr* | *(17,5)* |
| *Sum disponering* | *71,3 mill. kr* | *(16,2)* |

*Samla utbytte sidan 2000 har då kome opp i **485** mill.kr.*







## *TILSETTE*

*VTK hadde ved utgangen av året 52 tilsette (49,7 årsverk) pluss 5 årsverk i kraftverka, dvs ca 55 årsverk totalt. Dette er om lag som året før. I tillegg kjem lærlingar og sommarvikarar.*

## *LIKESTILLING*

*Konsernstyret har 6 eigarvalde medlemer som er fordelt likt på kvart kjønn.*
*Av dei 56 årsverka totalt blei 9,5 utført av kvinner (10 personar). Kvinnene er tilsett i kontor- og reinhaldsfunksjonar, men vi har også ei innom elektrofaget (i kraftverk).*
*VTK har ingen vedteken strategi for å auke talet på kvinner utover det som fylgjer av det lov og det generelle avtaleverket innafor Samfunnsbedriftene sitt virkeområde.*

## *HMS OG BEREDSKAP*

*Internkontroll i samsvar med forskrifter er i drift. Arbeidsuhell, farlege tilhøve og andre HMS-avvik blir registrert og fylgd opp. I 2021 hadde me 1 arbeidsuhell med fråvær. Alle avvik blir analysert og tiltaksvurdert. Totalt sjukefråvær i Konsernet var **4,5%** mot 3,6% i 2019. Gjennomsnittet siste 10 år er 3,2 %. Eigenmeldt fråvær utgjorde bare **0,5%** som i 2020.*
*VTK er tilknytta bedriftshelsetenesten Bedriftshelsen AS.*
*Risiko og sårbarhet (ROS) for VTK si totale verksemd er analysert og tiltaksvurdert. Beredskapsplan og internkontroll er ein del av dette. VTK sine beredskapsressursar baserer seg i stor grad på eigne fast tilsette, men vi har også viktige samarbeidspartnarar eksternt; - helikopter, tungtransport, skogryddarar, grossistar og andre nettselskap.*
*Det blei sett raudt beredskapsnivå 19.november 2021.*
***Koronasituasjonen:*** *VTK sette beredskap 12.mars 2020 og gjennomførte dei tiltak som blei tilrådd frå sentralt hald, men vi har i liten grad nytta heimekontor. Aktivitet og produksjon har vore svært lite påvirka av situasjonen. Dei fleste generelle tiltaka er framleis gjeldande i VTK. Mange tilsette har gjennomgått sjukdomen vinteren 21/22, men situasjonen var handterbar.*

## *YTRE MILJØ*

*VTK produserer 260 GWh fornybar straum i vasskraftverk og bidreg til reduksjon av fossil kraftproduksjon i det Nord-Europeiske kraftsystemet. Våre kraftverk påverkar ikkje det ytre miljø i særleg grad utover det som var kjent ved konsesjonshandsaminga.*
*Nettaktiviteten påverkar naturmiljøet gjennom arealbruk til linje- og kabeltrasear. Våre arbeidsbilar og lastebilar går på diesel og har dermed eit visst CO2-utslepp. Sidan det er avgjerande at vi er fullt ut mobile i alle situasjonar der straumforsyninga er råka av feil, er det førebels ikkje aktuelt å vurdere elektrisk drift av våre transportmidlar.*

## *STRATEGI OG FRAMTIDSUTSIKTER*

***Eigarstrategi***
*Den felles eigarstrategien slår fast at VTK sine mål er:*
*1. Maksimal verdiskaping for eigarane.*
*2. Sikre moderne og oppdatert infrastruktur i heile Vest-Telemark.*
*3. Vidareutvikle dagens forretningsområder.*
*Det står vidare at styret kan vedtaka og gjennomføre strukturelle endringar (oppkjøp, sal eller fusjon) innom ei ramme på 20% av selskapets balanse (dvs ca 160 mill.kr). Vidare at selskapet skal legge til grunn ein resultatbasert utbyttepolitikk, der forventninga er at det over tid skal delast ut 50% av årsresultatet som utbytte. Styret skal ved fastsetjing av det årlege utbytte ta omsyn til at eigarane ynskjer ein viss stabilitet, men også til selskapets behov for å finansiere vedtekne/nødvendige (re)investeringar og for å sikre at selskapet har ein kapitalisering som sikrar optimale lånevilkår i finansmarknaden. Eigarstrategien har også krav til systematisk informasjonsutveksling mellom styret og eigarane. Styret oppfattar strategien som førande for sitt arbeid ifrå 2019.*

***Kraftproduksjon (VTK AS).*** *I samsvar med føremålet i vedtektene og eigarstrategien, har styret som mål å auke eigenproduksjonen ved å kjøpe kraftverk eller ta del i lønsame utbyggingar av små og mellomstore kraftverk, primært i Telemark. I den samanheng har me søkt og fått fleire*

*konsesjonar på småkraftverk, men bare Trontveit er førbels gjennomført. Når det gjeld Lårdal så fekk me uventa avslag frå NVE på vår søknad om forlenga frist for byggestart, sjølv om årsaken til søknaden var kommunal trenering utan heimel i nesten eitt år. Avslaget blei anka og endeleg avslag kom i 2021. Prosjektet i Nedre Lårdal har gyldig konsesjon til 2025 og blir framleis vurdert. I Fyresdal har vi to prosjekt som nærmar seg investeringsavgjerd.*
*Styret vurderar om VTK skal engasjere seg i andre teknologiar til energiproduksjon enn vasskraftverk.*
*Lønsemda innom produksjon av elektrisk kraft gjekk ned i mange år, men tok seg opp i 2018 og 2019, for så å falle langt tilbake i 2020. Etter tilkopling av nye kablar til Tyskland og England, parallelt med nedlegging av fastkraftproduksjon (atom- og kolkraft) steig prisane kraftig i Sør-Norge i 2021 og ser ut til å ha kome opp på eit varig høgare nivå enn før.*
*Kablane har i aukande grad kopla Norge mot prisnivået på kontinentet; - eit nivå som i lange periodar blir styrt av marginalkostnaden ved å produsere kraft basert på kol og gass. Her er denne kostnaden i prinsippet lik summen av CO2-kvoter, kol/gass og driftskostnader. Denne summen er no svært høg og aukande.*
*Fornybar straum blir meir og meir etterspurd og internasjonale selskap ynskjer difor å etablere energikrevjande produksjonar i Norge. Det er grunn til å tru at etterspørselen etter energi frå fornybare kjelder vil auke framover; - både nasjonalt og internasjonalt. Vekst i etterspørselen må, for å realisere ny produksjonskapasitet, gje eit prisnivå på fornybar kraft som gjer denne verksemda lønsam på sikt. Dette føreset konkurransedyktige rammevilkår.*
*I den samanheng er positivt at (re)investeringar i vasskraftverk >10MW no kan kan utgiftsførast direkte i grunnrenteinntekta i år 1. Det som framleis manglar er eit generelt fritak for grunnrenteskatt for dei fyrste 10MW i alle kraftverk. Dette for å likestille små og store kraftverk og for å unngå suboptimalisering i høve til val av generatorstorleik for å unngå grunnrenteposisjon.*

*VTK sin strategi for omsetning av kraftproduksjonen blei endra i 2017; - frå delevis prissikring på 1-3 års kontrakter til å selje alt i spotmarknaden. Dette som fylgje av høg risiko i høve til volum og grunnrenteskatt. Denne strategien har i sum siste 4 år gjeve stor meirinntekt og då særleg i 2021. Styret har ingen planar om å revurdere denne strategien.*

***Kraftomsetninga til sluttbrukarar*** *(VTK AS) blir handtert uavhengig av kraftproduksjonen. Kraft-oppdekkinga blir ordna gjennom kjøp i spotmarknaden og ved direkte kjøp frå Tokke kommune.*
*Frå 1.5.2021 har VTK gjennomført databasesplitt og oppfyller då dei nye krava frå NVE på dette området. Desse krava og tilhøyrande nødvendige tiltak påfører kundane høgare kostnader både på straumen og på nettleiga.*
*Styret vedtok i 2020 at VTK skal halde fram med kraftomsetning til sluttbrukarar og at denne verksemda skal stå på eigne bein økonomisk og med avkastningskrav i høve til eigarstrategien. VTK tilbyr no kraft også til kundar utanfor eigarkommunane og auka ressursar til aktivt sal og kundeoppfylgjing kjem på pluss i 2022. Ny heimeside og kundeapp til knytta «min side» er under utarbeiding.*
*Den nye kraft- og prissituasjonen vil truleg auke etterspørselen etter fastpriskontrakter av ulik lengde og VTK vil fylgje opp denne utviklinga.*







***Fiber (VTK AS).***
*Sidan 1995 har VTK bygd ut fibersamband til eige bruk. På generalforsamlinga i 2004 gav eigarane styret fullmakt til å setja i gang utbygging av eit breibandnett til allmenn bruk. Grunngjevinga var mellom anna at god breibandsdekning til ein akseptabel pris er ein føresetnad for næringsutvikling, undervisning, nyskaping, gode offentlege tenester og interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark i åra framover.*
*Etter å ha sikra minimum breibandsdekning til (nesten) alle i Vest-Telemark ved hjelp av xDSL, radio og fiber, starta Telefiber i 2012 opp med å bygge ut FTTH (Fiber To The Home) med leveranse av Altibox sine breibandstenester. Målet er å gjera fiber tilgjengeleg for flest mogeleg av fastbuande og næringsliv i Vest-Telemark. Også hyttefelt som ynskjer fiber er eller vil bli utbygde. I slike områder vurderar Telefiber også å nytte 5G. Utbygginga skjer i kombinasjon av eigeninitierte prosjekt og utbyggingar vunne i offentleg styrte anbodskonkurransar. Det har vore stor aktivitet i alle kommunar for å søke på statlege midlar, noko som er heilt avgjerande. Gjennomføring av denne strategien krev store investeringar. Innan utgangen av 2022 vil praktisk talt alle ha tilgang på breiband; - i hovudsak via fiber.*

***Nye forretningsområder i VTK AS***
*Styret har vurdert elbilladING til personbilar og varebilar som satsingsområde, men konkludert med å ikkje gå inn i denne bransjen.*

***VTK NETT AS***
***Nettverksemda** har som mål å halde seg på ein effektivitetsscore på gjennomsnitt (100%) eller betre. Har pga høge KILE-kostnader ikkje nådd målet deisiste 2 åra, men planlegg for at det skal falle på plass att. Dette for å oppnå ei avkastning på nettkapitalen som sikrar finansiering av nødvendige (re)investeringar. Mykje av dagens høgspentnett blei bygd ut på 50- og 60-talet og behovet for vedlikehald og fornying aukar på. Desse anlegga er systematisk vurdert og rangert som grunnlag for årlege fornyingsplanar. For å redusere KILE-kostnadane, og dermed auke leverings-kvaliteten, vil også vidare utbygging av overvakings- og fjernstyringssystem framleis vera eit prioritert område saman med skogrydding. VTK vil også i 2022 ha store store reinvesteringar i nettet, men på sikt fallande.*
*Interessa for å bli plusskunde er aukande og VTK koplar opp desse i samsvar med gjeldande retningsliner. Plusskundar kan utløyse store investeringsbehov i nettet, noko som i etter gjeldande regelverk ikkje skal betalast av kunden, men av fellesskapet.*

*Statnett har lufta planer om å redusere den rabatten som uttak i produksjonspunkt i dag har (den såkalla K-faktoren). Dette tyder i praksis å flytte kostnader «frå by til utkant». Dette vil i tilfelle slå svært negativt ut for VTK og kan gje ein kostnadsauke på inntil 15 mill.kr; - dvs 10-15% på nettleiga. Det er viktig å fylgje opp denne saka politisk.*

*VTK har høg nettleige, men har likevel over tid ofte blitt målt til å vera mellom dei 20-30 mest effektive nettselskapa i landet. For 2021 fekk VTK 6 mill.kr i støtte frå staten til utjamning av nettleiga. Denne støtta fall vekk for 2022, noko som tyder på kostnadsreduksjon i høve til andre.. Den største utfordringa for VTK-NETT er låg forbruksvekst (med unntak av datasenter). Dette set store krav til å ha kontroll på kostnadssida for å unngå stor prisauke og fall i effektivitet.. Effektivisering gjennom å utnytte den teknologien som er investert i gjennom AMS og NSO (nettstasjonsovervaking) er avgjerande for å kunne halde fram som sjølvstendig nettselskap. Samarbeid med andre nettselskap kan vera nødvendig for å halde kostnadene nede på slike digitaliseringsprosjekt.*

*Nettselskapet har lagt til rette for etablering av datasenter i Fyresdal og har i fleire år jobba med løysingar for nettilknyting av datasenter i Vinje.*

*Nettselskapet er i ein namneendringsprosess for å oppfylle forskriftskrav. Dette er underarbeid saman med nye heimesider, logoar og ny app tilknytta «min side».*







*VTK har ein stabil og kompetent* ***arbeidsstokk****. Dette er viktig når så mykje av aktiviteten krev oversikt over, og lokalkunnskap om, eit stort geografisk område med tilhøyrande tekniske anlegg. Styret vil framleis ha fokus på å behalde og rekruttere personell, ved å syte for at VTK er ein attraktiv arbeidsplass. Styret takkar alle tilsette for god innsats i 2021.*

*Styret meiner at VTK har ei stabil utvikling og ein solid økonomi. VTK vil, innanfor dei rammer som kraftmarknaden, regelverk og reguleringsregime gjev, kunne oppfylle dei mål som eigarane til ei kvar tid har for selskapet. Det er likevel klart at store investeringar i nettfornying, fiber og eventuelt ny produksjon, framleis vil påverka det økonomiske resultatet og evna til å betale utbytte. Fordelen er at kapitalen bygger seg opp i selskapet, med den positive effekten det har for eigenkapitalen og marknadsverdien av selskapet.*

*Høydalsmo 31.desember 2021 / 3.juni 2022*

| | |
|---|---|
| *Erik Skjervagen (leiar)* | *Sign.* |
| *Baiba Sheine (nestleiar)* | *Sign.* |
| *Magne Wraa* | *Sign.* |
| *Hallgeir Aarbakk* | *Sign.* |
| *Runa Vee Tveit* | *Sign.* |
| *Dordi Elise Flom* | *Sign.* |
| *Jarle Solbu* | *Sign.* |
| *Torfinn Heggtveit* | *Sign.* |
| *Ketil Kvaale (adm. direktør)* | *Sign.* |

17

# RESULTATREKNESKAP

| KONSERN | | | | | VTK HOLDING AS |
|---|---|---|---|---|---|
| **2021** | **2020** | **Note** | (Alle tal i 1000 kr.) | **Note** | **2021** |
| 235 860 | 50 061 | 1, 2 | Kraftsalg | | 0 |
| 121 129 | 122 287 | 1, 3 | Nettinntekter | | 0 |
| 21 213 | 18 567 | 1, 4 | Andre driftsinntekter | 4 | 17 031 |
| **378 202** | **190 915** | | **Driftsinntekter** | | **17 031** |
| 88 413 | 41 315 | 5 | Kraftkjøp og anna varekjøp | | 0 |
| 48 092 | 43 158 | 6 | Personalkostnader | 6 | 11 304 |
| 30 579 | 27 285 | 12 | Avskrivingar | 12 | 344 |
| 10 030 | 9 723 | 7 | Eigedomsskatt og konsesjonsavgifter | | 0 |
| 47 014 | 41 476 | 8 | Andre driftskostnader | 8 | 5 416 |
| **224 128** | **162 957** | | **Driftskostnader** | | **17 064** |
| **154 074** | **27 958** | | **Driftsresultat** | | **-33** |
| 1 104 | 1 222 | 9 | Finansinntekter | 9 | 708 |
| 5 358 | 7 506 | 9 | Finanskostnader | 9 | 917 |
| **4 254** | **6 284** | | **Netto finanskostnader** | | **209** |
| **149 821** | **21 674** | | **Resultat før skattar** | | **-242** |
| 78 346 | 5 475 | 10 | Skattekostnad | 10 | -93 |
| **71 475** | **16 199** | | **ÅRSRESULTAT** | | **-150** |
| 38 475 | -1 301 | | Overført til fri eigenkapital | | -33 150 |
| 33 000 | 17 500 | | Avsett til utbyte | | 33 000 |
| **71 475** | **16 199** | | **SUM DISPONERINGAR** | | **-150** |

# BALANSE

| KONSERN | | | | VTK HOLDING AS | |
|---|---|---|---|---|---|
| **31.12.2021** | **31.12.2020** | **Note** | (Alle tal i 1000 kr.) | **Note** | **31.12.2021** |
| | | | **EIGENDELAR** | | |
| 3 640 | 3 350 | 11 | Immaterielle eigendelar | 11 | 95 |
| 781 065 | 741 840 | 12 | Varige driftsmidlar | 12 | 986 |
| 18 216 | 18 433 | 14,15 | Finansielle anleggsmidlar | 14,15 | 417 582 |
| **802 921** | **763 623** | | **Sum anleggsmidlar** | | **418 663** |
| 21 027 | 9 227 | | Varelager | | 0 |
| 164 123 | 97 903 | 16 | Kortsiktige krav | 16 | 10 368 |
| 1 290 | 1 879 | 17 | Pengemidlar | 17 | 0 |
| **186 440** | **109 009** | | **Sum omløpsmidlar** | | **10 368** |
| **989 361** | **872 632** | | **SUM EIGENDELAR** | | **429 030** |
| | | | **EIGENKAPITAL OG GJELD** | | |
| 399 914 | 399 914 | 18 | Innskoten eigenkapital | 18 | 399 914 |
| 36 672 | -1 606 | 18 | Opptent eigenkapital | 18 | -15 520 |
| **436 586** | **398 308** | | **Sum eigenkapital** | | **384 394** |
| 23 754 | 14 162 | 10 | Utsett skatt | 10 | 0 |
| 307 734 | 367 706 | 19 | Langsiktig gjeld | 19 | 6 832 |
| 221 287 | 92 456 | 20 | Kortsiktig gjeld | 20 | 37 804 |
| **552 774** | **474 324** | | **Sum gjeld** | | **44 636** |
| **989 361** | **872 632** | | **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | | **429 030** |

*Høydalsmo, 03. juni 2022*

*Erik Skjervagen (leiar)* *Baiba Sheine (nestleiar)* *Magne Wraa* *Hallgeir Aarbakk*

*Runa Vee Tveit* *Dordi Elise Flom* *Jarle Solbu* *Torfinn Heggtveit*

*Ketil Kvaale (adm.direktør)*

# KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

**Indirekte modell**

| KONSERN 2021 | KONSERN 2020 | | VTK HOLDING AS 2021 | VTK HOLDING AS 2020 |
|---|---|---|---|---|
| **2021** | **2020** | **Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar** | **2021** | **2020** |
| 149 821 | 21 674 | Resultat før skattekostnad | 34 885 | |
| -3 513 | -27 135 | Betalt skatt i perioden | | |
| 790 | 277 | Gevinst/tap ved sal av anleggsmidlar | | |
| 30 579 | 27 285 | Ordinære avskrivingar | 344 | |
| | | Nedskriving anleggsmidlar | | |
| -11 800 | -5 639 | Endring i varelager | | |
| -66 220 | -4 295 | Endring i kundefordringar | -10 381 | |
| 44 761 | -3 129 | Endring i leverandørgjeld | 1 553 | |
| | | Endring i kostnadsført pensjon | | |
| | | Effekt av valutakursendringar | | |
| 14 | 5 203 | Endring i andre tidsavgrensingspostar | | |
| **144 432** | **14 241** | **Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar** | **26 401** | **0** |
| | | **Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar** | | |
| | | Innbetalingar ved sal av varige driftsmidlar | | |
| -70 883 | -82 401 | Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmidlar | -1 329 | |
| | | Innbetalingar ved sal av aksjar og andelar i andre føretak | | |
| | | Utbetalingar ved kjøp av aksjar og andelar i andre føretak | -417 582 | |
| | | Innbetalingar ved leasing driftsmidlar | | |
| | | Utbetalingar ved leasing driftsmidlar | | |
| **-70 883** | **-82 401** | **Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar** | **-418 911** | **0** |
| | | **Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar** | | |
| | 53 667 | Innbetalingar ved opptak av ny langsiktig gjeld | | |
| 1 346 | 17 336 | Innbetalingar ved opptak av ny kortsiktig gjeld | 3 083 | |
| -59 972 | | Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld | | |
| | | Utbetalingar ved nedbetaling av kortsiktig gjeld | | |
| 1 988 | 11 903 | Netto endring i kassakreditt | 7 013 | |
| | | Innbetalingar av eigenkapital | 399 914 | |
| | | Tilbakebetaling av eigenkapital | | |
| -17 500 | -17 500 | Utbetalingar av utbytte | -17 500 | |
| | | Innbetalingar av konsernbidrag | | |
| | | Utbetalingar av konsernbidrag | | |
| **-74 138** | **65 406** | **Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar** | **392 510** | **0** |
| | | Effekt av valutakursendringar på kontantar og kontantekvivalentar | | |
| **-589** | **-2 754** | **Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar** | **0** | **0** |
| **1 879** | **4 633** | **Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar pr 01.01.** | **0** | |
| **1 290** | **1 879** | **Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar pr 31.12.** | **0** | **0** |

© Copyright Stiros AS Utskrift fra Stiros Oppslag

© Copyright Stiços AS

Utskrift fra Stiços Oppslag

# REGNSKAPSPRINSIPPER

**Rekneskapsprinsipp**
Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.
Selskapet har ikkje foretekje endring i rekneskapsprinsipp i rekneskapsåret.

**Driftsinntekter**
Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei vert levert.

**Klassifisering**
Eigendelar som er bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel.
Øvrige eigendelar er klassifisert som omløpsmiddel.
Gjeld som forfell seinare enn eit år etter balansedagen er oppført som langsiktig gjeld.
Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er uansett klassifisert som omløpsmidlar.

Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffelseskost, men nedskrivast til verkeleg verdi når verdifallet er forventa å ikkje vera forbigåande.
Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi, og nedskrive ved varig verdifall.

**Andelar**
Eigardelar i Skafså Kraftverk ANS (67 %) og Sundsbarm Kraftverk (8,5 %) er vurdert etter bruttometoden for resultat og nettometoden for balansen. Andel av inntekter, kostnader, eigedelar og gjeld er innarbeid linje for linje i rekneskapet.

**Aksjar**
Aksjar i andre selskap er vurdert til å vera anleggsmidlar og vert ført til anskaffelseskost og nedskrive til verkeleg verdi ved varig verdifall.

**Fordringar**
Kortsiktige fordringar vert ført opp i balansen til pålydande etter frådrag for forventa tap.

**Varelager**
Varelageret er verdsett til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Ein del av varelageret (kr 3,5 mill) er rekna som beredskapslager og oppført som anleggsmiddel under nettanlegg.

**Gjeld**
Gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

**Skattar**
Selskapet er underlagt dei særskilde reglane for skattlegging av kraftverk.
Skattar vert kostnadsført når dei påløper, det vil seie at skattekostnaden er knytt til det rekneskapsmessige resultatet før skatt.
Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på årets skattepliktige inntekt), naturressursskatt, grunnrenteskatt og endringar i netto utsett skatt. Utsett skatt og utsett skattefordel er presentert netto i balansen.

**Leasing**
Avtalane gjelder operasjonell leasing, og leigebetalingane vert ført som driftskostnader fordela systematisk over leigeperioden.

**Prinsipp for kontantstraumoppstilling**
Kontantstraumoppstillinga er utarbeida etter den indirekte metoden. Ein tek då utgangspunkt i føretaket sitt resultat før skatt og viser kontantstraumar frå ordinær drift, investeringsverksemda og finansieringsverksemda.

**Pensjonar**
VTK har eiga pensjonskasse. Ordninga omfattar alle tilsette i VTK, Skafså Kraftverk ANS og Telefiber AS.
Storleiken på framtidige ytingar er avhengig av tale på oppteningsår, lønsnivå ved pensjonsalder og storleiken på ytingar frå folketrygda.

# NOTER TIL ÅRSREGNSKAP 2021

## Note 1 Resultat per forretningsområde

| **2021** | **Kraftprod/** | **Nettvirksomhet** | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Forretningsområder** | **omsetning** | R-nett | D-nett | Sum nett | **Tele** | **Øvrig**[1] | **Eliminering**[1] | **Konsern** |
| Netto driftsinntekter | 447 060 | 26 303 | 122 677 | 148 980 | 16 186 | 23 628 | -257 652 | 378 203 |
| Nettap | 0 | 5 978 | 19 176 | 25 154 | 0 | 0 | -19 246 | 5 908 |
| Kraftkjøp/varekjøp | 257 450 | 0 | 0 | 0 | 0 | 224 | -189 658 | 68 016 |
| Nettleige | 5 472 | 13 253 | 21 554 | 34 807 | 0 | -10 | -25 780 | 14 489 |
| Personalkostnader | 6 241 | 1 619 | 26 746 | 28 365 | 0 | 16 590 | -3 104 | 48 092 |
| Avskrivninger | 3 918 | 2 335 | 14 070 | 16 405 | 9 586 | 670 | 0 | 30 579 |
| Andre driftskostnder | 17 077 | 4 592 | 33 646 | 38 238 | 2 408 | 7 724 | -18 433 | 47 014 |
| Eigedomskatt | 5 652 | 745 | 3 598 | 4 344 | 23 | 11 | 0 | 10 030 |
| Sum driftskostnader | 295 810 | 28 522 | 118 790 | 147 313 | 12 016 | 25 209 | -256 221 | 224 128 |
| Driftsresultat | 151 250 | -2 219 | 3 887 | 1 667 | 4 170 | -1 581 | -1 431 | 154 075 |
| Avkastningsgrunnnlag | | *71 914* | *421 746* | 493 659 | | | | |
| Avkastning i % | | *-3,09 %* | *0,92 %* | 0,34 % | | | | |

[1] Øvrig omfattar øvrig virksomhet i VTK AS og VTK Nett samt VTK Holding og Naurak. Eliminering omfattar eliminerings- og konsernposteringar.

| **2020** | **Kraftprod/** | **Nettvirksomhet** | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Forretningsområder** | **omsetning** | R-nett | D-nett | Sum nett | **Tele** | **Øvrig** | **Eliminering** | **Konsern** |
| Netto driftsinntekter | 47 466 | 25 132 | 113 418 | 138 550 | 13 425 | 3 543 | -16 031 | 186 953 |
| Kraftkjøp / netttap | 25 056 | 1 236 | 2 540 | 3 776 | 0 | 0 | 0 | 28 832 |
| Nettleige / varekjøp | 25 | 18 970 | 21 225 | 40 195 | 0 | 145 | -17 930 | 22 435 |
| Personalkostnader | 1 987 | 1 470 | 31 431 | 32 901 | 1 539 | 2 026 | 0 | 38 453 |
| Avskrivninger | 3 942 | 2 304 | 13 378 | 15 682 | 7 503 | 116 | 0 | 27 243 |
| Andre driftskostnder | 4 909 | 2 951 | 25 701 | 28 652 | 631 | 1 750 | -2 070 | 33 872 |
| Eigedomskatt | 3 419 | 758 | 3 594 | 4 352 | 32 | 0 | 0 | 7 803 |
| Sum driftskostnader | 39 338 | 27 689 | 97 869 | 125 558 | 9 705 | 4 037 | -20 000 | 158 638 |
| Driftsresultat | 8 128 | -2 557 | 15 549 | 12 992 | 3 720 | -494 | 3 969 | 28 315 |
| Avkastningsgrunnnlag | | 69 440 | 403 706 | 473 146 | | | | |
| Avkastning i % | | -3,68 % | 3,85 % | 2,75 % | | | | |

## Note 2 Kraftsalgsinntekter

**KONSERN** **VTK HOLDING AS**

| **2021** | **2020** | | **2021** |
|---|---|---|---|
| 142 881 | 31 463 | Sluttbrukarar | 0 |
| 92 979 | 18 598 | Engros m.m. | 0 |
| **235 860** | **50 061** | **Sum kraftsalg** | **0** |

## Note 3 Nettinntekter

**KONSERN** **VTK HOLDING AS**

| **2021** | **2020** | | **2021** |
|---|---|---|---|
| 5 461 | 8 471 | Tariffinntekt, produksjon | 0 |
| 112 399 | 121 486 | Tariffinntekt, forbruk | 0 |
| 120 | 90 | Purregebyr, byggestraum og stengning | 0 |
| 6 226 | 0 | Utjevningstilskudd | 0 |
| **124 206** | **130 047** | **Sum nettinntekter avrekna** | |
| 3 077 | 7 760 | Meirinntekt | 0 |
| **121 129** | **122 287** | **Sum nettinntekter** | **0** |

Berekna meir-/mindreinntekt for nettvirksomheten til VTK:

| | **2021** | **2020** |
|---|---|---|
| Inntektsramme frå NVE | 120 555 | 106 814 |
| Endring kapitalkostnader siste 2 år | 4 236 | 2 020 |
| Kjøp av overføringstenester | 14 807 | 20 195 |
| Eigedomskatt, nett | 4 344 | 4 352 |
| Elhub-gebyrer | 844 | 0 |
| KILE-kostnader | -17 679 | -15 395 |
| **Total tillatt inntekt** | **127 107** | **117 986** |
| Avrekna nettinntekter forbruk | 112 519 | 121 576 |
| Avrekna nettinntekter produksjon | 11 241 | 8 471 |
| Statsstøtte | 6 226 | 0 |
| Andel renter | 198 | 412 |
| **Meir (-)/mindre (+)inntekt frå årets drift** | **-3 077** | **-12 473** |
| Korreksjonar frå tidlegare år | 0 | 0 |
| **Sum meir(-)/mindre(+)inntekt i året** | **-3 077** | **-12 473** |
| Saldo meir(-)/mindre(+)inntekt pr.31.12 | -10 837 | -7 745 |
| Årets renter | 0 | -15 |
| **Total meir(-)/mindre(+) inntekt pr 31.12.** | **-10 837** | **-7 760** |

## Note 4 Andre driftsinntekter

**KONSERN** **VTK HOLDING AS**

| 2021 | 2020 | | 2021 |
|---|---|---|---|
| 2 833 | 2 814 | Arbeid for andre (Kontortenester) | 16 587 |
| 16 069 | 13 425 | Utleige fiber | 0 |
| 2 311 | 2 328 | Andre inntekter | 444 |
| **21 213** | **18 567** | **Sum andre driftsinntekter** | **17 031** |

## Note 5 Kraftkjøp og anna varekjøp

**KONSERN** **VTK HOLDING AS**

| 2021 | 2020 | | 2021 |
|---|---|---|---|
| 66 965 | 11 103 | Kraftkjøp for salg | 0 |
| 5 978 | 3 776 | Kjøp av nettap | 0 |
| 757 | 2 070 | Kjøp av elsertifikat og oppr.garantiar | 0 |
| 14 489 | 24 221 | Overføringskostnader | 0 |
| 224 | 145 | Anna varekjøp | 0 |
| **88 413** | **41 315** | **Sum kraftkjøp og anna varekjøp** | **0** |

## Note 6 Løn og andre personalkostnader

**KONSERN** **VTK HOLDING AS**

| 2021 | 2020 | | 2021 |
|---|---|---|---|
| 42 661 | 42 228 | Løn | 7 731 |
| 4 704 | 4 531 | Arbeidsgjevaravgift, løn | 989 |
| 1 532 | 1 206 | Andre personalkostnader | 675 |
| **48 896** | **47 965** | **Sum personalkostnader ekskl. pensjon** | **9 395** |
| 13 196 | 10 469 | Pensjonskostnader inkl. arb.gj.avg. | 1 910 |
| **62 092** | **58 434** | **Sum personalkostnader (brutto)** | **11 304** |
| 14 000 | 15 276 | Aktiverte personalkostnader | 0 |
| **48 092** | **43 158** | **Sum personalkostnader (drift)** | **11 304** |

| **Ytelser til ledende personer** | **Daglig leder** | **Styret** |
|---|---|---|
| Lønn | 1 375 724 | 470 000 |
| Pensjonsutgifter | 275 054 | |
| Annen godtgjørelse | 10 659 | |
| **Sum** | 1 661 437 | 470 000 |

Ingen tilsette eller styremedlemer har lån i selskapet. Selskapet har heller ingen bonusordningar eller aksjeverdibaserte godtgjersle.
Pensjonsforpliktingane er aktuarberekna til 137 mill.kr med 100 % dekningsgrad og ei grunnlagsrente på 2,29 % (realrente).
VTK Holding har teikna ansvarsforsikring for noværende og framtidige styremedlemmar, dagleg leiar og medlemmer av leilinga i VTK Holding og dotterselskap der konsernet har bestemmande innverknad. Forsikringen dekkjer den sikredes erstatningsansvar for formueskade sikrede har påført nokre i sin funksjon i selskap som er omfatta.

## Note 7 Eigedomsskatt og konsesjonsavgifter

**KONSERN** **VTK HOLDING AS**

| 2021 | 2020 | | 2021 |
|---|---|---|---|
| 8 115 | 7 809 | Eigedomskatt | 0 |
| 1 914 | 1 914 | Konsesjonsavgift | 0 |
| **10 030** | **9 723** | **Sum eigedomsskatt og konsesjonsavgift** | **0** |

## Note 8 Andre driftskostnader

**KONSERN** **VTK HOLDING AS**

| 2021 | 2020 | | 2021 |
|---|---|---|---|
| 8 718 | 4 307 | Materiell, verktøy m.m. | 1 547 |
| 25 179 | 18 489 | Arbeid ved framande | 713 |
| 1 376 | 2 770 | Honorar konsulent *) | 837 |
| 8 984 | 13 113 | Diverse driftskostnader | 2 319 |
| 317 | 884 | Erstatningar | 0 |
| 2 441 | 1 913 | Tap på krav | 0 |
| **47 014** | **41 475** | **Sum andre driftskostnader** | **5 416** |

*I VTK Holding er det kostnadsført kr 27 430,- i revisjonshonorar og kr 19 300,- i anna bistand frå revisor for 2021 (beløp ekskl. mva).
For konsernet samla er det kostnadsført kr 174 985,- i revisjonshonorar og kr 108 200,- i anna bistand frå revisor for 2021 (beløp ekskl. mva).

## Note 9 Finansinntekter og -kostnader

**KONSERN** **VTK HOLDING AS**

| 2021 | 2020 | Finansinntekter | 2021 |
|---|---|---|---|
| 395 | 268 | Renteinntekter | 524 |
| 709 | 954 | Andre finansinntekter | 184 |
| **1 104** | **1 222** | **Sum finansinntekter** | **708** |

| 2021 | 2020 | Fianskostnader | 2021 |
|---|---|---|---|
| 5 301 | 7 285 | Rentekostnader | 882 |
| 57 | 221 | Andre finanskostnader | 36 |
| **5 358** | **7 506** | **Sum finanskostnader** | **917** |

## Note 10 Skatt

**KONSERN** **VTK HOLDING AS**

| 2021 | 2020 | Årets skattekostnad består av: | 2021 |
|---|---|---|---|
| 23 311 | | Betalbar skatt | 0 |
| 2 666 | | Naturressursskatt | 0 |
| 45 441 | | Grunnrenteskatt | 0 |
| 9 610 | | Endring utsatt skatt | -93 |
| -17 | | For mykje/lite avsett i fjor | 0 |
| **81 012** | | **Netto skattekostnad** | **-93** |
| -2 666 | | Frådrag for naturressursskatt | 0 |
| **78 345** | | **Netto skattekostnad** | **-93** |

| 2021 | 2020 | Årets betalbar skatt framkjem slik: | 2021 |
|---|---|---|---|
| 149 821 | | Resultat før skatt | -242 |
| -43 682 | | Midlertidige forskjellar | 421 |
| -179 | | Permanente forskjellar | -179 |
| **105 960** | | **Grunnlag betalbar skatt** | **0** |

Midlertidige forskjellar VTK Holding:

| | 31.12.2020 | 31.12.2021 | Endring |
|---|---|---|---|
| Anleggsmidlar | 0 | 14 | -14 |
| Kundefordringar | 0 | 0 | 0 |
| Framførbart underskott | -11 | -445 | 435 |
| **Sum** | **-11** | **-432** | **421** |
| Utsatt skatt/skattefordel | -2 | -95 | 93 |

Midlertidige forskjellar konsern:

| | 31.12.2020 | 31.12.2021 | Endring |
|---|---|---|---|
| Anleggsmidlar | 85 303 | 123 134 | -37 831 |
| Kundefordringar | -80 | -3 148 | 3 068 |
| Gevinst- og tapskonto | -109 | -87 | -22 |
| Meir- mindreinntekter | -7 760 | -10 837 | 3 077 |
| Framførbart underskott | -13 062 | -1 089 | -11 973 |
| **Sum** | **64 292** | **107 974** | **-43 682** |
| Utsatt skatt/skattefordel | 14 144 | 23 754 | -9 610 |

Alle midlertidige forskjellar kan utliknast og dette er gjennomført ved berekning av utsatt skatt.

## Note 11 Immaterielle eigendelar

**KONSERN** **VTK HOLDING AS**

| 2021 | 2020 | | 2021 |
|---|---|---|---|
| 3 640 | 3 350 | Konsesjonar (næringsfond)/fallrettar | 0 |
| 0 | 0 | Utsett skattefordel | 95 |
| **3 640** | **3 350** | **Sum immaterielle eigendelar** | **95** |

## Note 12 Varige driftsmidlar

| VTK HOLDING AS | Transport-midler | Maskiner/ inventar | Ikkje-avskrivbare driftsmidler | Sum |
|---|---|---|---|---|
| Anskaffelseskost 01.01 | 0 | 0 | 0 | **0** |
| + Tilgang anleggsmidler ila året | 147 | 1 183 | 0 | **1 329** |
| - Avgang anleggsmidler ila året | 0 | 0 | 0 | **0** |
| **= Anskaffelseskost 31.12** | **147** | **1 183** | **0** | **1 329** |
| - Akkumulert avskrivning 31.12 | 25 | 319 | 0 | **344** |
| - Akkumulert nedskrivning 31.12 | 0 | 0 | 0 | **0** |
| + Akkumulerte reverseringer 31.12 | 0 | 0 | 0 | **0** |
| **= Regnskapsmessig bokført verdi 31.12** | **122** | **864** | **0** | **986** |
| - Årets avskrivninger | 25 | 319 | 0 | **344** |
| - Årets nedskrivninger | 0 | 0 | 0 | **0** |
| + Årets reverserte nedskrivninger | 0 | 0 | 0 | **0** |
| **= Totale av- og nedskrivninger for året** | **25** | **319** | **0** | **344** |
| Økonomisk levetid | 8 år | 5 år | | |
| Avskrivningsplan | Lineær | Lineær | | |
| Endringar i avskrivningsplan ila året | Ja | Nei | | |

| KONSERN | Bygg | Kraft-stasjonar | Nettanlegg | Fiber | Transport-midler | Maskiner/ inventar | AUU | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Anskaffelseskost 01.01 | 44 038 | 203 672 | 772 675 | 157 235 | 30 145 | 12 048 | 6 934 | 1 226 747 |
| + Tilgang anleggsmidler ila året | 0 | 0 | 35 241 | 21 034 | 2 033 | 1 997 | 14 556 | 74 860 |
| - Avgang / fisjonerte anleggsmidler ila året | 0 | 0 | 472 | 0 | 1 649 | 4 382 | 6 920 | 13 423 |
| **= Anskaffelseskost 31.12** | **44 038** | **203 672** | **807 443** | **178 269** | **30 529** | **9 663** | **14 570** | **1 288 184** |
| - Akkumulert avskrivning 31.12 | 18 135 | 89 561 | 329 047 | 42 184 | 21 904 | 6 288 | 0 | 507 120 |
| - Akkumulert nedskrivning 31.12 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| + Akkumulerte reverseringer 31.12 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **= Regnskapsmessig bokført verdi 31.12** | **25 903** | **114 111** | **478 396** | **136 085** | **8 625** | **3 375** | **14 570** | **781 065** |
| - Årets avskrivninger | 829 | 3 707 | 13 994 | 9 503 | 1 914 | 633 | 0 | 30 579 |
| - Årets nedskrivninger | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| + Årets reverserte nedskrivninger | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **= Totale av- og nedskrivninger for året** | **829** | **3 707** | **13 994** | **9 503** | **1 914** | **633** | **0** | **30 579** |
| Økonomisk levetid | 40-60 år | 15-67 år | 40-50 år | 20 år | 8-10 år | 5 - 30 år | | |
| Avskrivningsplan | Lineær | Lineær | Lineær | Lineær | Lineær | Lineær | | |
| Endringar i avskrivningsplan ila året | Nei | Nei | Nei | Nei | Nei | Nei | | |

## Note 13 Andeler i felleskontrollert virksomhet (deleide kraftverk)

VTK AS har innrekna sin andel av inntekter og kostnadar, og eigendelar og gjeld i dei deleide verkene Skafså Kraftverk ANS (67 %) og Sundsbarm Kraftverk DA (8,5%). Oversikten nedanfor viser VTKs andel av brutto rekneskapsposter. Kraftsalgsinntekter inneholder kun konsesjonskraft, mens andel av produksjonsmengda inntektsførast direkte i VTK AS. Varige driftsmidlar i Skafså og Sundsbarm blir balanseført og avskrive direkte i VTK AS sitt rekneskap.

| | Skafså Kraftverk ANS | Sundsbarm Kraftverk | Sum 2021 | Sum 2020 |
|---|---|---|---|---|
| Salg av konsesjonskraft | 3 047 | 377 | 3 424 | 4 798 |
| Andre inntekter | 809 | 135 | 944 | 714 |
| Overføringskostnader | 5 232 | 233 | 5 465 | 506 |
| Personalkostnader | 4 887 | 228 | 5 115 | 4 371 |
| Eigedomsskatt og konsesjonsavgifter | 1 550 | 365 | 1 915 | 1 914 |
| Andre driftskostnader | 9 287 | 1 328 | 10 615 | 12 764 |
| **Driftsresultat** | **-17 100** | **-1 642** | **-18 742** | **-14 043** |
| | | | | |
| Finansinntekter | 84 | 4 | 88 | 90 |
| | | | | |
| **Netto resultat** | **-17 015** | **-1 638** | **-18 653** | **-13 953** |
| | | | | |
| Anleggsmidler | | | | |
| Omløpsmidler | 5 963 | 3 617 | 9 580 | 5 663 |
| Kortsiktig gjeld | 5 293 | 3 617 | 8 910 | 4 993 |
| **Netto eigendelar** | **670** | **0** | **670** | **670** |

## Note 14 Eigendelar i datter- og tilknyttede selskap

Dotter- og tilknyttede selskap eid direkte og indirekte av VTK Holding AS:

| | Hovudkontor | Eier- og stemmeandel | Bokført verdi | Årets resultat | Eigenkapital |
|---|---|---|---|---|---|
| **Aksjer i dotterselskap** | | | | | |
| Vest-Telemark Kraftlag AS | Høydalsmo | 100 % | 79 583 | 73 218 | 124 251 |
| Vest-Telemark Kraftlag Nett AS | Høydalsmo | 100 % | 320 361 | -1 570 | 328 531 |
| **Aksjer i tilknyttede selskap** | | | | | |
| Telefiber AS | Høydalsmo | 40 % | 2 000 | -699 | 6 647 |
| | | | **401 944** | | |
| **Aksjer i dotterdotterselskap og deres tilknyttede selskap** | | | | | |
| Heibøåi Kraftverk AS | Høydalsmo | 100 % | 30 | -2 | -12 |
| Naurak Kraftverk AS | Høydalsmo | 100 % | 100 | -24 | -367 |
| Glomsdam Kraftverk AS | Høydalsmo | 50 % | 500 | -128 | 749 |
| Triset Kraftverk AS | Høydalsmo | 20 % | 6 | -3 | 18 |

## Note 15 Finansielle anleggsmidlar

| KONSERN 2021 | KONSERN 2020 | | VTK HOLDING AS 2021 |
|---|---|---|---|
| 0 | 0 | Vest-Telemark Kraftlag AS | 79 583 |
| 0 | 0 | Vest-Telemark Kraftlag Nett AS | 320 361 |
| 0 | 179 | Sundsbarm Kraftverk DA | 0 |
| 500 | 500 | Glomsdam Kraftverk AS (50%) | 0 |
| 5 378 | 5 378 | Grunnåi Kraftverk AS (18,3%) | 5 378 |
| 30 | 30 | Heibøåi Kraftverk AS (100%) | 0 |
| 6 | 6 | Triset Kraftverk AS (20%) | 0 |
| 2 000 | 2 000 | Telefiber AS (40%) | 2 000 |
| 10 | 10 | AS Haukelivegen | 10 |
| **7 925** | **8 103** | **Sum aksjar i andre selskap** | **407 332** |
| 10 250 | 10 250 | VTK's pensjonskasse (100%) | 10 250 |
| 29 | 29 | KLP | 0 |
| **10 279** | **10 279** | **Sum øvrige andelar** | **10 250** |
| 13 | 51 | Utlån til foretak i same konsern | 0 |
| **13** | **51** | **Sum langsiktige krav** | **0** |
| **18 216** | **18 433** | **Sum finansielle anleggsmidlar** | **417 582** |

## Note 16 Kortsiktige krav

| KONSERN 2021 | KONSERN 2020 | | VTK HOLDING AS 2021 |
|---|---|---|---|
| 69 075 | 67 977 | Kundekrav, abonnentar | 0 |
| 28 422 | 16 706 | Kundekrav, andre | 744 |
| 0 | 0 | Kundekrav konsern | 1 914 |
| 9 068 | 3 957 | Levert ikkje fakturert | 0 |
| -3 936 | -1 500 | Avsetjing til tap på kundekrav | 0 |
| **102 629** | **87 140** | **Sum kundekrav** | **2 658** |
| 0 | 0 | Andre kortsiktige krav konsern | 7 059 |
| 7 983 | | Omløpsmidler andelsverk | 0 |
| 0 | 5 609 | Tilgode skatt | 0 |
| 8 730 | 0 | Mellombels straumstønad | 0 |
| 44 780 | 5 154 | Andre krav | 650 |
| **61 493** | **10 763** | **Sum andre kortsiktige krav** | **7 710** |
| **164 123** | **97 903** | **Sum kortsiktige krav** | **10 368** |

## Note 17 Likvide midlar

| KONSERN 2021 | KONSERN 2020 | | VTK HOLDING AS 2021 |
|---|---|---|---|
| 4 | 25 | Kasse | 0 |
| 1 286 | 1 854 | Bankinnskot | 0 |
| **1 290** | **1 879** | **Sum likvide midlar** | **0** |

VTK Holding har pr. 31.12.2021 avtale med Danske Bank om konsernkontosystem med tilhøyrande kassekreditt på 60 mill. kr.
Saldo på konsernkontoordning per 31.12.2021 var kr -5,6 millioner kroner.

VTK Holding har saman med VTK Nett og VTK AS etabert skattetrekksgaranti i Danske Bank på 3 millioner kroner.

## Note 18 Eigenkapital

| Konsern | Aksjekapital | Overkurs | Annen eigenkapial | Sum |
|---|---|---|---|---|
| **Eigenkapital per 31.12.2019** | **100 000** | **40 000** | **259 609** | **399 609** |
| Tingsinnskudd ved konserndanning | | 259 914 | -259 914 | 0 |
| Utbytte | | | -17 500 | -17 500 |
| Årets resultat | | | 16 199 | 16 199 |
| **Eigenkapital per 31.12.2020** | **100 000** | **299 914** | **-1 606** | **398 308** |
| Korrigering knyttet til konsernomdanning | | | -197 | -197 |
| Utbytte | | | -33 000 | -33 000 |
| Årets resultat | | | 71 475 | 71 475 |
| **Eigenkapital per 31.12.2021** | **100 000** | **299 914** | **36 672** | **436 586** |

| VTK Holding AS | Aksjekapital | Overkurs | Annen eigenkapial | Sum |
|---|---|---|---|---|
| **Eigenkapital ved stiftelse** | **100 000** | **299 914** | **0** | **399 914** |
| Utbytte 2020 | | | -17 500 | -17 500 |
| Årets resultat 2020 | | | 35 130 | 35 130 |
| Utbytte 2021 | | | -33 000 | -33 000 |
| Årets resultat 2021 | | | -150 | -150 |
| **Eigenkapital per 31.12.2021** | **100 000** | **299 914** | **-15 520** | **384 394** |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Fyresdal kommune | | 19 000 | 1000 | 19 000 000 |
| Kviteseid kommune | | 19 000 | 1000 | 19 000 000 |
| Seljord kommune | | 19 000 | 1000 | 19 000 000 |
| Tokke kommune | | 19 000 | 1000 | 19 000 000 |
| Vinje kommune | | 19 000 | 1000 | 19 000 000 |
| Nissedal kommune | | 5 000 | 1000 | 5 000 000 |
| | | 100 000 | | 100 000 000 |

## Note 19 Langsiktig gjeld

| KONSERN 2021 | KONSERN 2020 | | VTK HOLDING AS 2021 |
|---|---|---|---|
| 901 | 901 | Lån frå kundar (obligasjonsinnskot) | 0 |
| 150 000 | 150 000 | Lån Danske Bank* | 0 |
| 6 832 | 66 805 | Kassakreditt (Danske Bank)** | 6 832 |
| 150 000 | 150 000 | Aksjonærlån | 0 |
| **307 734** | **367 706** | **Sum langsiktig gjeld** | **6 832** |

* Kassakreditt er ført som langsikstig gjeld då den har varighet og vilkår som langsiktig pantelån.

## Note 20 Annen kortsiktig gjeld

| 2021 | 2020 | | 2021 |
|---|---|---|---|
| 58 267 | 13 506 | Leverandørgjeld | 1 546 |
| 0 | 0 | Leverandørgjeld konsern | 8 |
| 68 749 | 3 513 | Betalbar skatt | 0 |
| 4 059 | 8 800 | Skyldige offentlige avgifter | 265 |
| 13 069 | 10 895 | Forbruksavgift (elavgift) | 0 |
| 33 000 | 17 500 | Avsett utbytte | 33 000 |
| 0 | 0 | Annen kortsiktig gjeld konsern | 668 |
| 4 461 | 4 476 | Feriepengar | 911 |
| 8 646 | 536 | Kortsiktig gjeld andelsverk | 0 |
| 10 837 | 7 760 | Meirinntekt | 0 |
| 1 988 | 0 | Gjeld til kredittinstitusjoner | 180 |
| 18 210 | 25 469 | Annan kortsiktig gjeld | 1 225 |
| **221 287** | **92 456** | **Sum kortsiktig gjeld** | **37 804** |

## Note 21 Transaksjoner og mellomværende med selskap i same konsern

VTK Holding har eigarskap i to dotterselskap og eit tilknytt selskap. Eigarandeler i selskapa er presentert i note 14.
Internhandel i konsernet er gjort i henhold til egne avtaler og på armlengdes prinsipp.
Slik internhandel er eliminert på konsernnivå.

Transaksjonar med nærstående til Vest-Telemark Kraftlag Holding AS.

| Resultatlinje | Motpart | Forhold til motpart | 2021 |
|---|---|---|---|
| Andre driftsinntekter | VTK AS | Dotter | 3 959 017 |
| Andre driftsinntekter | VTK Nett AS | Dotter | 11 552 598 |
| Andre driftsinntekter | VTK AS (SK) | Dotter | 54 400 |
| Andre driftsinntekter | Telefiber AS | Tilknyttet selskap | 665 000 |
| **Andre driftsinntekter** | | | **16 231 015** |
| Andre driftskostnader | VTK AS | Dotter | 716 222 |
| Andre driftskostnader | VTK Nett AS | Dotter | 148 699 |
| **Driftskostnader** | | | **864 921** |
| Finansinntekter | VTK AS | Dotter | -75 284 |
| Finansinntekter | VTK Nett AS | Dotter | -53 552 |
| Finanskostnander | VTK AS | Dotter | 21 228 |
| Finanskostnander | VTK Nett AS | Dotter | 431 |
| **Netto finansposter** | | | **-107 177** |
| **Sum** | | | **15 473 271** |

Andre driftsinntekter består i hovedsak av regnskapstjenester, husleie og IKT.
Andre driftskostnader består i hovedsak av husleie og arbeid utført for VTK Holding.

| Motpart | Forhold til motpart | Kunde-fordringer | Andre kortsiktige fordringer | Leverandør-gjeld | Annen kortsiktig gjeld |
|---|---|---|---|---|---|
| VTK AS | Dotterselskap | 677 | 461 | | 668 |
| VTK Nett AS | Dotterselskap | 1 237 | 6 598 | 7 773 | |
| VTK AS (SK) | Dotterselskap | 10 | | | |
| Telefiber | Tilknyttet selskap | 300 000 | | 1 | |

## Note 22 Hendelsar etter balansedagen

Virksomheten til VTK er ikkje direkte påverka av konflikten i Ukraina då konsernets virksomhet i sin heilhet går føre seg i Sør-Norge.
Konflikten har imidlertid bidratt til auka kraftprisar i Sør-Norge. Som ein konsekvens av konflikten har konsernet auka fokus på sikkerhet knytt til digiale løsningar.

Det har ikkje inntrett hendelsar etter balansedagen som har vesentleg betydning for årsrekneskapet for 2021.